



Planutvalet i Vestnes kommune v/ Jan Rune Jacobsen
Brugata 10
6390 Vestnes

Tomrefjord, 26.08.2020

Kommentar til «Innspill til detaljregulering av 60/92 og 60/32 (PLAN-20/00013-7)» frå Sveinung Sandnes, datert 20.07.2020.

Innleiingsvis vil eg opplyse om at dette er ei felles reguleringsplan for følgande eigedomar:

Gnr. 60 / Bnr. 92. Tiltakshavar: Veas Eiendom As v/ Willy Kåre Vik, Trohaugen 8, 6393 Tomrefjord.
Gnr. 60 / Bnr. 32. Tiltakshavar: Willy Kåre Vik, Myravegen 5, 6393 Tomrefjord.

Ønskjer med dette å knyte kommentarar til over nemnde innspel frå Sveinung Sandnes.

Punkt 5.9 – Trafikkforhold.

Det er grunn til å rekne med at trafikken i området blei grundig vurdert då kommuneplana blei laga. Det er inga forutsetning i kommuneplana om at vegane må utvidast eller at det skal byggast fortau for å følgje gjeldande kommuneplan.

Parkering er det sett krav til og dei krava er etter tiltakshavar si meining ivaretekne.

Vidare kan vi legge til at det også er anna aktivitet i nærområdet som genererer trafikk. Eg vil anta at Sveinung Sandnes er godt kjent med det, utan at det er vektlagt i innspelet hans.

Punkt 5.11 – Sosial infrastruktur.

Det er opplyst at barnehagedekninga er god. Dersom folkeauke i Tomrefjord har ført til underdekning av plassar, bør innbyggjarar i Tomrefjord engasjere seg for å få utvida barnehagekapasiteten i staden for å bidra til at folkeauke stansar .

Det er også nemnt i innspel at «det kan ikke legges til grunn for at det er god plass i barnehagene pr. i dag».

Framdrifta for prosjektet tilseier at det ikkje vil bli søkt om barnehageplassar frå bebuarar pr. i dag. Vi legg også til grunn at ingen av dei som har barnehageplass pr. dato, har livstidskontrakt på plass.

Søknadsfrist for hovudopptak for barnehagane i Vestnes er 1. mars kvart år.

Punkt 6.3.1: Bygningsmassen si høgde.

Plana følger reglane i byggeforskrifter: 4 meter avstand til nabogrense, 9 meter mønehøgde. PBL § 29.4 seier rett nok at gesimshøgde kan vere inntil 8 meter og mønehøgde 9 m. (Avstanden skal vere minst 1/2 av byggehøgde mot nabo). Kan hende gesimshøgde må senkast til 8 m, eller avstand til nabogrense aukast til 4,5 m. Dette får vi avklare i den vidare framdrifta med prosjektet.

Navn	Adresse	Telefon	E-post	Organisasjonsnr.
Veas Eiendom As	Trohaugen 8 6393 Tomrefjord Norway	(+47) 918 88 100	willy@vikelektro.no	NO 879 267 072 MVA



Punkt 6.7.5: Tilgjenge.

Kommunen har ikkje lagt opp til ny vegbygging som krav til utbygging av enkelte område av kommuneplana.

Punkt 6.9: Miljøoppfølging.

Her ligg det føre eit svar frå Fylkesmannen. Dette blir følgt opp og ein del uklarleikar vil bli avklart. Nødvendige tiltak vil bli ivaretekne iht. lovverket.

Generelt.

Kva støy som er frykta er ikkje forklart. Dersom han meiner at barn lagar uhaldbar støy i leiken sin og med sitt nærvere, er det lite vi kan gjere med det.

Moderne bilar i bustadområde med soner med lav tillat hastigheit, er vel ikkje noko stor støykjelde som gjer livet uhaldbart for folk i området.

Jordvollar, støyveggar og liknande er framande element i bustadområde. Det kan brukast som støyvern mot hovudvegar, industriområde og liknande.

I bustadområde vil vi på det sterkaste rå ifrå slike tiltak. Det er både hindrande for sikt og bidreg til å dempe utsikt for alle.

Vidare har vi registrert at vedkomande har plassert huset sitt så nær vår grense som muleg (reknar med 4-meters grense er overhalde), sjå også oversiktsbilde som er vedlagt innspelet hans.

At han har plassert huset sitt, slik han har gjort, og at soveromma for barna vender mot 60/92 rår vi ikkje med. Det er eit val han i si tid har tatt.

At vi skal bygge ein einbustad på eit areal på 3 450,5 m² er utenkeleg frå vår side.

I plana vår legg vi opp til effektiv arealutnytting slik kommune og styresmakter legg opp til.

Med vennleg helsing

Veas Eiendom As

Willy Kåre Vik